



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

N V E

I flg. vedlagt adresseliste

Vår dato: **13 FEB 2013**

Vår ref.: NVE 200703195-33 kv/jaso

Arkiv: 315

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen

## Høyring av revisjonsdokument for Tokke-Vinjereguleringa i Tokke og Vinje kommunar.

NVE har i brev av 3.7.2007 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar kan reviderast etter nærare reglar:

- Statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsatt ved Kronprinsregentens resolusjon av 8. februar 1957.
- Statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsett ved Kongelig resolusjon av 4. juli 1958.
- Reguleringsbestemmelser for ytterligere statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsatt ved Kongelig resolusjon av 17. juni 1960.
- Manøvreringsreglement for ytterligere statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsatt ved Kongelig resolusjon av 28. oktober 1960.
- Reguleringsbestemmelser for ytterligere statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsatt ved Kongelig resolusjon av 26. juni 1964.
- Tilleggsregulering for statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsatt ved Kongelig resolusjon av 5. april 1968.

Vi har motteke revisjonsdokumentet frå Statkraft Energi AS og dette sendast nå på høyring og leggst ut til offentleg gjennomsyn.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på internettsida til NVE [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft), der det også finst informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår og informasjon om kva slag tilbakemelding NVE ønskjer. Dersom høyringspartane ønskjer ein papirversjon kan dei kontakte miljørådgjevar Marilyn Marskar i Statkraft Energi AS på e-post: [Marilyn.Marskar@statkraft.com](mailto:Marilyn.Marskar@statkraft.com) eller tlf. 24 06 79 15.

Vi ber Tokke og Vinje kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider og leggje to eksemplar av revisjonsdokumentet til offentleg gjennomsyn på Tenestetorget/Serviceavdelinga i kommunehusa i Tokke og Vinje kommunar fram til 31. mai 2013. Det eine eksemplaret av revisjonsdokumentet kan om nødvendig lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**


Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Fråsegrer skal sendast gjerne via internett [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft), til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller til NVE - Konesjonsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogleg og seinast **31. mai 2013**.

Fråsegrer eller delar av fråsegrer vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

Med helsing



Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef



Jan Sørensen  
sjefingeniør

Vedlegg: 2      Adresseliste  
                    Revisjonsdokument (Tokke og Vinje kommunar)

Kopi:            Statkraft Energi AS, Postboks 200, Lilleaker, 0216 OSLO  
                    NVE, Region Sør

**Adresseliste for:** Revisjon av konsesjonsvilkår for Tokke-Vinjereguleringa.

**Handsamast etter:** Vassdragsreguleringslova.

**Blir kunngjort av NVE to ganger i:** Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa og Varden.

<i>Til info</i>	<i>Papir</i>	<i>Namn/Adresse</i>
	<i>kopiar</i>	
	3	Vinje kommune, 3890 VINJE
	3	Tokke kommune, 3880 DALEN
		Fylkesmannen i Telemark, Postboks 2603, 3702 SKIEN
		Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 SKIEN
		VRM Vest-Viken v/Buskerud fylkeskommune, Postboks 3563, 3007 DRAMMEN
		Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 TRONDHEIM
		Riksantikvaren, Pb. 8196 Dep., 0034 OSLO
		NJFF - Telemark, Bøgata 8, 3800 BØ i TELEMARK
		Norges naturvernforbund, Grensen 9B, 0159 OSLO
		Naturvernforbundet i Telemark v/Tormod Svartdal, Fogtegata 19 3936 PORSGRUNN
		Telemark turistforening, Postboks 3089, 3707 SKIEN
x		Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
x		Miljøverndepartementet, Postboks 8013, Dep, 0030 OSLO

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjør:

## **Statkraft Energi AS - Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Tokke-Vinjevassdraget.**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har vedteke at vilkåra for konsesjon til regulering av Tokke-Vinjevassdraget fastsett ved Kronprinsregentens resolusjon av 8. februar 1957 og fleire av dei etterføljande konsesjonane skal reviderast.

Statkraft Energi AS har utarbeida eit revisjonsdokument. Dokumentet ligg ute til offentleg gjennomsyn på Tenestetorget/Serviceavdelinga i Tokke og Vinje kommunar fram til 31. mai 2013. Dokumentet er òg tilgjengeleg på internettsida til NVE [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft), der det i tillegg finst informasjon og rettleiing om revisjon av konsesjonsvilkår. Dersom det er ønskjeleg med ein papirversjon av revisjonsdokumentet kan ein kontakte miljørådgjevar Marilyn Marskar i Statkraft Energi AS på e-post: [Marilyn.Marskar@statkraft.com](mailto:Marilyn.Marskar@statkraft.com) eller tlf. 24 06 79 15.

Fråsegner til revisjonsdokumentet kan sendast via internett [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft) eller på e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE - Konsesjonsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogleg og seinast **31. mai 2013**.

NVE skal på bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette gje ei innstilling til Olje- og energidepartementet med forslag til nytt sett med konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.